



Utanfor Gamleskulen, ved sida av containarane, har det lenge vore ei trafikkfelle i form av eit opphøgd kumlokk. Og i dag gjekk ein bil i denne fella!

Sjåføren køyrde rett i kumlokket og bilen fekk betydeleg skade.

Truleg er det kommunen som har ansvaret for fella og i Uskedalen Utvikling, som eig Gamleskulen, håpar dei no at det blir gjort noko som skulle vore gjort for lenge sidan. Det er to alternativ:

Anten blir lokket skifta ut med ei rist som ligg i plan med eller lågare enn asfalten eller det blir asfaltert rundt slik at ein ikkje køyrer på lokket. Det burde vera ein bagatell å løyse denne saka, seier dei i UU.

(Foto: Ola Matti Mathisen)